



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
21/3371-

Dato
26. oktober 2021

Svar på spørsmål nr. 15/2021 til skriftleg svar frå representanten Per Olav Lundteigen

Eg viser til brev frå Stortinget sin president med spørsmål frå representanten Per Olav Lundteigen:

«Kan statsråden opplyse om hvor mange mottakere av arbeidsavklaringspenger som har gått og vil gå til maksimal stønadsperiode i hhv. hver av ukene 39-52 og i september, oktober, november og desember?»

Svar:

Talet på mottakarar som vil kunne nå maksimal stønadsperiode vil avhenge av når tala blir henta ut. Den siste tida har etaten prioritert saker som er nær maksimal stønadsperiode, fleire har blitt avklart og talet i denne gruppa er vesentleg redusert.

Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser at tal pr. 4. oktober viste at om lag 1 500 personer nådde maksimal ordinær stønadsperiode 30. september utan å ha eit nytt vedtak om arbeidsavklaringspenger (AAP). I denne gruppa kan det vere personer som framleis kan få:

- Stønadsperioda forlenga etter regelverket for unntak (§ 11-12, 2. ledd)
- AAP som arbeidssøkjjar (§ 11-17) eller AAP under handsaming av krav om uføretrygd (§ 11-18)

Gruppa inkluderer også personer som har rett til ein anna ytelse (eks. tiltakspenger, kvalifiseringsstønad eller økonomisk sosialhjelp).

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet pr. 11. oktober viser følgjande utvikling per veke over talet på personer som vil kunne nå maksimal, ordinær stønadsperiode på 3 (4) år:

Veke	Utløp av ordinær, maksimal periode
40	269
41	310
42	330
43	336
44	415
45	424
46	349
47	407
48	433
49	434
50	447
51	452
52	286

Kor mange som faktisk vil nå maksimal stønadsperiode vil avhenge av kor raskt dei blir avklart eller om dei har stans i stønaden som vil gi ein seinare maksdato. Mange av dei som er nær ved å nå maksimal stønadsperiode på 3(4) år vil kunne ha rett til AAP etter vilkåra for unntak i §11-12, eller til AAP etter ein anna lovheimel.

Regjeringa har fremja forslag om å forleng fleire koronaordninger ut året, mellom anna vil mottakarar av arbeidsavklaringspenger som fekk stønadsperioden forlengta til 30. september 2021 kunne få stønadsperioda forlengta frå 1. oktober til 31. desember 2021. Dei som har mista retten til arbeidsavklaringspenger etter 30. september og fram tiltaket blir sett i verk får brev om at dei må søke om forlengta stønadsperiode. Desse mottakarane vil med forslaget få forlengta rett til arbeidsavklaringspenger frå det tidspunktet dei gjekk ut av ordninga, og dei vil få etterbetalt stønad for denne perioda. Samstundes vil dei som går ut av ordninga i perioda frå 1. oktober og ut året også kunne få stønadsperioda forlengta.

Med hilsen



Hadia Tajik

